



Statens vegvesen

Bjarte Håland
Hålandsvegen 40
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/139528-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.11.2016

Uttale – Avkøyrsløse – Fv. 409 – Gnr. 31 bnr. 6 – Radøy

Statens vegvesen syner til brev mottatt 12.09.2016 med søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på Håland, gnr. 31 bnr. 6 i Radøy kommune. Vi var på synfaring 19. oktober 2016.

Kva saka gjeld:

Du har søkt om utvida bruk av landbruksavkøyrsløse på gnr. 31 bnr. 6, *vår referanse FV 409 hp 2 km 6,414*. Tiltaket er grunngjeve med mellom anna landbruksaktivitet, og skal i tillegg sørge for tilkomst til fritidseigedom på bnr. 14 og 15.

Statens vegvesen avslo ein tilsvarende søknad om utbetring og utvida bruk av avkøyrsløse på naboeigedomen gnr. 31 bnr. 5. Denne avkøyrsløsa er tilkomst til bustadeigedom gnr. 31 bnr. 7 og 12. Avslaget var grunngjeve med at ein ikkje kan oppnå tilfredstillande sikt og ei trafikksikker løysing på staden. Avslaget vart påklagd, men endeleg avslått av Hordaland Fylkeskommune, klagenemnda, i møte 31.05.2016

Det omsøkte tiltaket ligg i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Forutan utvida bruk av avkøyrsløse vert det søkt om tilkomstveg over eigedomen, jamfør kart vedlagt søknaden. Det er Radøy kommune som er rett planmynde og som må ta stilling til om tiltaket er i samsvar med arealbruken for området.

Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen behandlar saka etter veglova, skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vi vurderer at søknaden første omgang må behandlast som ein dispensasjon etter pbl. av Radøy kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Nedanfor følger vår uttale til saka som kan leggast ved søknad om tiltak til Radøy kommune:

Uttale:

Tekniske opplysningar:

Avkøyrsla ligg langs fv. 409, på nordsida av vegen. Fylkesvegen er smal på gjeldande strekning, og har ikkje tilbod til gåande og syklande. Skilta fartsgrense er 80 km/t, og ÅDT (årsdøgntrafikk) er estimert til 1300. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jamfør «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013–2016)».

Vurdering:

I rammeplanen er avkøyrsla klassifisert til *Haldningsklasse 3*. Det vil mellom anna seie at vegen er ein viktig lokalveg, og at talet på direkte avkøyrslar må vere avgrensa. Dette gjeld og for driftsavkøyrslar. Godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.


Avkøyrsla slik ho ligg i dag oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming. Eit absolutt krav vi stiller, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla. I dette tilfellet vil kravet til sikt vere at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebana frå eit augespunkt 1.1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Krava er satt med bakgrunn av fartsgrense og trafikkmengde på staden.

Statens vegvesen var på synfaring 19. oktober 2016. Vi vurderte at sikta i avkøyrsla ikkje var tilfredstillande. Vi vurderer likevel at ein kan oppnå tilfredstillande sikt dersom ein fjernar sikthindrande element, særleg mot høgre i avkøyrsla (retning Kuvågen / Bøvågen).



Vegbilette 2016. Støttemur og knaus som eventuelt må fjernast / flyttast.

Andre krav vi normalt setter ved ei utbetring er knytt til svingradius i avkøyrsla. Svingradiusen skal vere minimum 4 meter, og dersom større køyretøy, t.d. traktor, skal nytte avkøyrsla, vil kravet til svingradius auke. Andre krav vi stiller er mellom anna helling og lengdeprofil i avkøyrsla.



Figur: Døme på utforming av avkøyrsla. Frisikt 4x100 meter og svingradius $r=4$ meter. (Tjukk strek på svingradius viser 180°.)

Tiltaket medfører i tillegg bygging av tilkomstveg til fritidsbustadene parallelt med fylkesvegen. Dersom Radøy kommune gjev løyve til tiltaket vil vi rå til at tilkomstvegen vert lagt så langt unna vegbana som mogleg. Som eit minimum må ein ta omsyn til sikkerheitssona til vegbana, i tillegg til at svingradius i avkøyrsla følgjast fullt ut 180° før sekundærveg (tilkomstveg) vert kopla på.

Statens vegvesen behandla ein tilsvarande søknad for same tiltak i 2015. Vi avslo den gong søknaden med bakgrunn i at eksisterande avkøyrsla ikkje tilfredsstillir dagens krav. Dersom Radøy kommune vel å gje dispensasjon for omsøkt tiltak vil vi rå til at brukarane avkøyrsla (bnr. 5 og bnr. 7 og 12) vert kopla på avkøyrsla som no er omsøkt.

Konklusjon:

Statens vegvesen finn etter ei samla vurdering av tilhøva på staden at det kan opnast for ei utvida bruk av avkøyrsla på gnr. 31 bnr. 6 i Radøy kommune dersom den vert utbetra etter krav vi stiller.

Eit eventuelt positivt vedtak frå kommunen si side må innehalde vilkår knytt til avkøyrsla:

- Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til Statens vegvesen.
- Avkøyrsla skal utbetrast i samsvar med dei krav til utforming som Statens vegvesen setter.

- Tilkomstveg til fritidsbustadene må som minimum leggest utanom sikkerheitssona til vegbana, og svingradiusen i avkøyrsla skal følgjast fullt ut 180° før sekundærveg (tilkomstveg) vert kopla på.

Dette brevet skal følgje med søknad om tiltak til Radøy kommune.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER